



Landsmøtet 2023

29.-30. april

Innkalling

Noregs Ungdomslag kallar med dette lokallaga og fylkeslaga inn til landsmøte 29. og 30. april. Møtet blir halde på Radisson Blu Hotel Scandinavia, i Oslo sentrum.

Førebels sakliste

Styret har sett opp ei førebels sakliste for landsmøtet. I tillegg kan medlemmene gjennom laga komme med framlegg til saker ein ønsker at landsmøtet skal handsame. Sakene må vere melde skriftleg til styret i Noregs Ungdomslag seinast åtte veker før møtet, dvs. innan 28. februar. Endringsforslag til sak 4 om lovendring, har òg frist 28. februar.

Forslag til saker kan de sende til post@ungdomslag.no Merk emnefeltet med "Saksforslag til landsmøtet 2023".

Styret vil etter dette setje opp forslag til endeleg sakliste. Lista blir kunngjord på heimesida til Noregs Ungdomslag, samt send til dei påmelde utsendingane seinast 29. mars.

Den førebels saklista per 28.1.2022 er:

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2022
3. Rekneskap 2022
4. Lovendringsforslag
5. Innkomne saker frå laga
6. Fråsegner
7. Val av styre, revisor og valnemnd